



Hordaland Røde Kors  
Ove Rio  
Sandbrekkevegen 95  
5225 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8986 - 21/70865

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no

Dato:  
26.10.2021

## Svar på søknad om løyve for bruk av snøskuter

**Administrativt vedtak: Saknr: 1140/21**

### **VEDTAK:**

Med heimel i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune dispensasjon frå forbod om motorferdsel i utmark til Nordhordland røde kors. Dispensasjonen gjeld naudsynt bruk av snøscooter knytta til opplæring og øvrig røde kors aktivitet. Dispensasjonen er avgrensa geografisk til Alver kommune. Løyve skal vere med i fartøyet under oppdrag og gjeld for 2021 og 2022.

**Saka gjeld: Nordhordland røde kors søker om bruk av snøscooter i utmark for 2021 og 2022 i Alver Kommune. Nordhordland Røde Kors ynskjer å være tilstade i samband med den aktiviteten som skjer i Stordalen/Matre/Stølsheimen, både med skitrekk, hytter og turisthytter, og ynskjer samtidig å øke deira innsats i dette området. Bakgrunnen er at dei siste åra har det blitt sett ein auke i oppdrag/aksjonar i dette området både vinterstid og andre tidar av året. Då dette området er svært krevande å operere i når det er dårlig vær på vinterstid, er det behov for opplæring, øvingar og rekognosering/kjentmannsturar.**

### **VURDERING:**

Prinsippa i §§ 8 –12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Den beskjedne snøscooter aktiviteten vil etter vår vurdering ikkje være til skade for naturmangfaldet. Røde kors sin vinter aktivitet er viktig for almenta sin tryggleik når dei ferdast i fjellheimen og elles der allmenta utøver vinter aktivitet. På bakgrunn av dette er røde kors sin snøscooter bruk å ansjå som samfunnsinteresse av stor vekt.

**Regelverk**

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.  
Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark  
Naturmangfaldlova

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «1140/21»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hordaland Røde Kors

Sandbrekkevegen 95

5225

NESTTUN